

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim	FA - B36	17/779

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
23/2017	Ungdomsrådet	PS	06.04.2017

## Orientering til Meland ungdomsråd om anti-mobbe tiltak i skulane

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det har vore i media den siste tida at Meland kjem därleg utmed omsyn til mobbing i skulen i Undanningsdirektoratets elevundersøking. Ungdomsrådet ønskjer at administrasjonen informerer om arbeidet for å hindre mobbing i skulane og vidare planar for å stoppe mobbing.

#### Vurdering

Administrasjonen ved skulerådgivar Reidun Elin Johannessen orienterer i møtet.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

#### Konklusjon

Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande og gir  
uttale:

#### Framlegg til vedtak:

Skriv framlegg her

#### Ungdomsrådet - 23/2017

#### UR - behandling:

Skulefagleg rådgjevar i Meland kommune Reidun Elin Joohannessen informerer om krava skulane har til system, plikatar og elevmedverkand og korleis ein hentar inn informasjon og datagrunnlag. Johannessen viser korleis planane for arbeidet mot mobbing skulane i Meland kommune møter desse krava.

Hilde Brendehaug Hugaas, rektor for Meland ungdomskule går gjennom korleis Meland ungdomskule

jobbar med mobbesaker og førebygging av mobbing. Som eksempel på konkrete tiltak nevner Hugaas mellom anna er det tatt inn i skulens reglement at som siste utveg er den som utfører mobbinga som skal bytte skule, ikkje den som vert utsett for mobbing. Det er også oppretta «mobilhotell» for å redusera digital mobbing i skuletida, og det vil være «kveldsskule» for elevar og føresatte med dette tema 4. mai.

Innspel/spørsmål til Reidun Johannessen og Hilde Brendehaug Hugaas frå ungdomsrådsrepresentantane er mellom anna:

«Kva endringar gjer de i planane ut frå at tala i undersøkjinga syner at det som er gjort ikkje er nok?» Jonas Askeland

«Korleis er oppfølginga av dei som mobbar – får dei den hjelpa dei treng?» Mia Wergeland  
Her nevner Johannessen og Hilde Brendehaug Hugaas at kommunen har som plan å få ansatt ein kommunespykolog. Dette meiner Ungdomsrådet er eit viktig og positivt tiltak.

Ungdomsrådet diskuterer saka vidare. Mellom anna meiner dei at skulane har mange gode tiltak, men at dette ikkje virkar godt nok. Dei diskuterer at det ikkje tas godt nok tak i saker, mangel på tilbakemeldingar i sakene, for lite samarbeid og at dei som mobbar får for lite konsekvensar og får lite oppfølging.

#### **UR - vedtak:**

«Ungdomsrådet tar orienteringa til vitande. Ungdomsrådet ønskjer eit høgare fokus på tema og etterspør kva endringar som skal gjerast i planane i lys av resultatet frå undersøkjinga. Ungdomsrådet oppmoder til høgare fokus på samarbeid mellom skule og heim samt meir oppfølging og rettleiing av den utøvande part i mobbesaker.»